

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som arbeidsgruppa har gitt i rapporten «Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar», slik det går fram av saka her.
2. Retningsliner vert utarbeidde for å sikre at rettane til elevar med omfattande psykiske vanskar vert ivaretekne m.a. ved at tilbodet vert gitt på bakgrunn av sakkunnig vurdering frå OT/PPT der lov og forskrift krev det.
3. Den lokale inntaksforskrifta vert revidert slik at inntak for elevar med omfattande psykiske vanskar skjer sentralt, med unnatak av elevar som får opplæring etter oppl.lov § 13-3 a.